



Kveldsbøn

Denne ordninga kan nyttast både på kvardagar og på sundagar. Ho kan og nyttast som forordna aftansong.

Sjå elles dei innleiande rubrikkana for morgonsong.

Bibeltekstane i denne ordninga er henta frå Bibel 2024 og Fadervår frå 2011.

1 | Innleiing

Anten **A**

L | I namnet åt Faderen og Sonen og Den Heilage Ande.

K | Amen.

Eller **B**

L | Gud, kom og berg meg.

K | Herre, skund deg og frels meg.

L | Ære vere Faderen og Sonen og Den Heilage Ande,

**A | som det var i opphavet, så no og alltid
og i all æve. Amen. Halleluja.**

2 | Kveldssalme

Her kan følgja

3 | Syndsvedkjenning

L | Lat oss bøya oss for Gud og sanna syndene våre.

Liturgen kneler, vend mot altaret.

Kyrkjelyden kan knela i benkene, der tilhøva ligg til rette for det.

Anten **A**

**A | Vi sannar for deg, heilage Gud,
at vi ofte og på mange måtar har såra deg
med tankar, ord og gjerningar
og er skuldige til dom og straff.**

**Ver miskunnsam mot oss
og tilgjev oss våre brot for Jesu Kristi skuld.**

Eller **B**

A | Gud, ver meg syndar nådig!
Eg har såra deg og svikta nesten min
- med tankar og ord,
med det eg har gjort,
og med det eg har forsømt.
Tilgjev meg syndene mine for Jesu Kristi skuld.
Skap i meg eit reint hjarta,
og gjev meg kraft til nytt liv ved din Heilage Ande.

4 | Bibelsk salme

Ein tillitssalme frå Salmane.

5 | Tekstlesing

Tekstlesinga tek til med
Det står skrive ...

Tekstlesinga sluttar med
Slik lyder Herrens ord.

Her kan følgja ein svarsalme, sjå Norsk Salmebok 933ff.

Etter tekstlesinga og ein eventuell svarsalme kan det vera stilt.
Deretter følgjer eventuelt

6 | Kort tekstmeditasjon

7 | Simeons lovsong NUNC DIMITTIS

L | Herre, no let du tenaren din fara herifrå i fred,
etter ditt ord.

K | For augo mine har sett di frelse,
som du har skipa til for alle folks åsyn,

L | eit ljøs til openberring for heidningane

K | og til ære for Israel, folket ditt. **LUK 2,29-32**

A | Ære vere Faderen og Sonen og Den Heilage Ande,
som det var i opphavet, så no og alltid
og i all æve. Amen.

8 | Bøn

Anten **A**

L | Lat oss alle be.

Kollektbøn

K | **Amen.**

Eller **B**

L | Lat oss be.

Herre, vår Gud og Far, vi takkar deg for at du har skapt ljuset og dagen. Vi bed deg:
Ver hjå oss når dagen kverv, vara oss i mørkret og verna oss mot den vonde fienden.
Lat oss her på jorda bu i livd av di miskunn og ein gong på den siste dagen gå inn til
den evige kvile og fred. Ved Son din, Jesus Kristus, vår Herre.

K | **Amen.**

Her kan ein halda fram såleis:

L | Lat oss framleis be, høgt eller stilt.

Den som bed høgt, sluttar med:

Gud, vi bed deg.

K | **Herre, høyr vår bøn.**

9 | Herrens bøn

A seier eller syng | **Vår Far i himmelen!**

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød,

og tilgjev oss vår skuld,

slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.

Og lat oss ikkje koma i freisting,

men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt, og makta og æra i all æve.

Amen

Ein kan og nytta [Fadervår frå 1985](#) eller [Fadervår frå 1938](#)

10 | Overgjeving i Guds hender

L | I dine hender, Herre Gud, gjev eg no mi ånd.

K | **I dine hender, Herre Gud, gjev eg no mi ånd.**

L | Du løyser meg ut, Herre, du trufaste Gud.

K | **I dine hender, Herre Gud, gjev eg no mi ånd.** SAL 31,6

L | Ære vere Faderen og Sonen og Den Heilage Ande.

K | **I dine hender, Herre Gud, gjev eg no mi ånd.**

Dette leddet kan og syngjast, sjå Norsk Salmebok 941.2

11 | Avslutning

Anten **A**

L vend mot kyrkjelyden | Lat oss prisa Herren.

K reiser seg | **Gud vere lova. Halleluja. Halleluja. Halleluja.**

Eller **B**

L vend mot kyrkjelyden | Herren vere med dykk.

K reiser seg | **Og med deg vere Herren.**

L | Vår Herre Jesu Kristi nåde,
Guds kjærleik og Den Heilage Andens samfunn
vere med dykk (oss) alle.

K | **Amen.**

Her kan følgja

Postludium